



Styre: Fakultetsstyret ved Det humanistiske fakultet

Styresak: 42/14

Møtedato: 17.06.2014

Dato: 02.06.2014

Arkivsaknr: 2014/5703-SILLI

Nye studieplanar for Integrert lektorutdanning med master i framandspråk og Integrert lektorutdanning med master i nordisk

Dokument

- Ny studieplan for Integrert lektorutdanning med master i framandspråk
- Ny studieplan for Integrert lektorutdanning med master i nordisk
- Ny modell for lektorutdanninga ved UiB – vedtak i Programstyret for lektorutdanning
- Tilbakemelding frå Programstyret for lektorutdanning, 14. mai 2014

Bakgrunn og behandling:

Alle institusjonar som tilbyr lektorutdanning for trinn 8-13 skal følgje *Forskrift om rammeplan for lektorutdanning for trinn 8-13* frå hausten 2014. Sidan forskrifta trådde i kraft (18. mars 2013), har ein ved UiB arbeidd med ny modell for lektorutdanninga og med nye studieplanar for dei involverte programma.

Fakultetsstyret behandla forslag til nye studieplanar for Integrert lektorutdanning med master i framandspråk (MAHF-LÆFR) og Integrert lektorutdanning med master i nordisk (MAHF-LÆNO) i møte 17. desember 2013 (S 97/13). Forslaga til studieplanar var utarbeidde på bakgrunn av forskrifta, men før ny modell for lektorutdanninga ved UiB låg føre. Ny modell for lektorutdanninga blei vedteken i Utdanningsutvalet (UU) ved UiB 12. mars 2014. UU slutta seg til vedtaket som blei fatta i Programstyret for lektorutdanning, og det er derfor dette vedtaket som ligg ved.

Institutt for framandspråk (IF) og Institutt for lingvistiske, litterære og estetiske studium (LLE) har no justert studieplanane for MAHF-LÆFR og MAHF-LÆNO, i tråd med ny modell for lektorutdanninga ved UiB. IF og LLE har òg teke omsyn til kommentarar frå Programstyret for lektorutdanning og frå Programutval for lærarutdanning ved HF i utarbeidinga av nye studieplanar. Dei nye studieplanane blei vedtekne i UUI ved IF og LLE 28. mai 2014 (sirkulasjonssaker).

Endringar:

Dei største endringane frå tidlegare studieplanar er som følgjer:

- Fag II er utvida med 10 stp. til 60 stp.
- Bacheloroppgåva skal skrivast i fag II.
- Praksis er utvida til 100 dagar.

- Namna på studieprogramma er endra til «Lektorutdanning med master i framandspråk (engelsk, fransk eller tysk)» og «Lektorutdanning med master i nordisk». «Integrert» er altså fjerna frå namna (oppmoding frå Programstyret for lektorutdanning).

Merknader frå fakultetet:

- I dokumentet vi fekk sendt over frå LLE, var ny tekst markert med raudt og fjerna tekst markert med raudt og overstryking. Vi har fjerna desse markerte endringane i dokumentet som ligg ved.
- Under «Krav til progresjon i studiet», må ein i begge studieplanane endre siste setning til «Sjå Utfyllande reglar for integrert lektorutdanning for nærare informasjon». (Dersom MN òg fjernar «integrert» frå studieprogramnamnet, vil ein måtte endre dette punktet ytterlegare).
- I studieplanen for MAHF-LÆNO bør ein nedst under «Rekkjefølgje for emne i studiet», nemne at manglande emnekodar blir sette inn så snart dei er klare.
- Emnekoden for Examen facultatum, Tekst og kultur må inn under «Innføringsemne» i studieplanen for MAHF-LÆFR.
- Ein kan fjerne kategoriane «Spesialisering» og «Tilrådde valemne» i studieplanen for MAHF-LÆFR.
- I studieplanen for MAHF-LÆFR bør ein etter første setning under «Obligatoriske emne», nemne at desse emna blir spesifiserte under «Rekkjefølgje for emne i studiet».
- Før studieplanane blir publiserte, vil ein lese ein siste korrektur.

Saksframlegget er utarbeidd før endeleg behandling av studieplanane i Studiestyret og Programstyret for lektorutdanning. Eventuelle kommentarar blir lagt fram på møtet i Fakultetsstyret 17. juni 2014.

Forslag til vedtak:

Fakultetsstyret godkjenner nye studieplanar for Integrert lektorutdanning med master i framandspråk (engelsk, fransk eller tysk) og Integrert lektorutdanning med master i nordisk.

Margareth Hagen
dekan

Trine Moe
fakultetsdirektør

Vedlegg

1 Ny studieplan for Integrert lektorutdanning med master i framandspråk

- 2 Ny studieplan for Integrert lektorutdanning med master i nordisk
- 3 Ny modell for lektorutdanninga ved UiB - vedtak i Programstyret for lektorutdanning
- 4 Tilbakemelding frå Programstyret for lektorutdanning, 14. mai 2014

Studieplan for Lektorutdanning med master i framandspråk (engelsk, fransk eller tysk)

Lektorutdanning med master i fremmedspråk (engelsk, fransk eller tysk)

Master's Programme in Foreign Language Teacher Education (English, French or German)

Godkjenning:

Studieplanen er godkjend av:

Universitetsstyret:(dd.mm.år)

Programstyret:(dd.mm.år)

Humanistisk fakultet:(dd.mm.år)

Studieplanen vart justert:

Evaluering:

Studieprogrammet vart sist evaluert: hausten 2013 (programsensorrapport)

Neste planlagde evaluering: Innan

Studieplan for Masterprogrammet Integrert lektorutdanning med master i framandspråk

Krav til studieplanar for studieprogram går fram av:

- §7-2 i *Forskrift for tilsyn med utdanningskvalitet i høyere utdanning (studietilsynsforskriften)*, NOKUT 2013 (FOR 2013-02-28 nr 237) <http://link.uib.no/?21Vcl>
- Kapittel 3 i *Forskrift om opptak, studier, vurdering og grader ved Universitetet i Bergen*, (Studieforskrifta), UiB, 2012, <http://link.uib.no/?1cqcv>

Kategori	Tekst
Namn på studie-programmet, nynorsk	Lektorutdanning med master i framandspråk (engelsk, fransk eller tysk)
Navn på studie-programmet, bokmål	Lektorutdanning med master i fremmedspråk (engelsk, fransk eller tysk)
Name of the programme of study, English	Master's Programme in Foreign Language Teacher Education (English, French or German)
Namn på grad Name of qualification	Master i engelsk/fransk/tysk med integrert praktisk-pedagogisk utdanning Master of Philosophy and Education. <Namn på fag på engelsk>
Omfang og studiepoeng ECTS credits	Lektorutdanning med master i framandspråk (engelsk, fransk eller tysk) har eit omfang på 300 studiepoeng og er normert til 5 år.
Fulltid/deltid Full-time/part-time	Fulltid
Krav til progresjon i studiet	Det vert stilt både karakter- og progresjonskrav i studiet. For å ta til på masternivået i framandspråk, må ein ha greidd bacheloroppgåva i fag II og ha karakteren C i snitt eller betre i fag I. Sjå utfyllande reglar for integrert lektor- og adjunktutdanning for nærare informasjon.
Undervisningsspråk Language of instruction	Undervisninga i fag I (engelsk, fransk eller tysk) vil oftast vere på det aktuelle språket, men kan også vere på norsk. For alle andre fagemne, sjå den einstilte emneplanen.
Studiestart - semester Semester	Haust

<p>Mål og innhald Objectives and content</p>	<p>Lektorutdanning med master i framandspråk (engelsk, fransk eller tysk) utgjer eit profesjonsstudium som utdannar lærarar for ungdomstrinnet og for den vidaregåande skolen (trinn 8-13 Utdanninga kombinerer solid fagkunnskap i engelsk/fransk/tysk (fag I) og eitt anna universitetsfag (fag II) med fagdidaktikk, pedagogikk og praksis.</p> <p>Praksis er integrert i studiet i fire av dei fem studieåra.</p> <p>Lektorutdanninga skal kvalifisere studentane til å vidareutvikle skolen som institusjon for læring og danning i eit demokratisk og fleirkulturelt samfunn. Studiet skal utdanne lærarar som er ansvarlege og som kan ta medansvar for elevar si læring og utvikling. I studiet vert det lagt vekt på å utvikle kompetanse til vidare fagleg og profesjonell utvikling. Såleis er det eit mål å fremje samhandling og kritisk refleksjon kring fag, undervisning og læring.</p> <p>Studiet skal gi ei god innføring i vitskapelege arbeidsmåtar og forskingsmetodar og trening i sjølvstendig arbeid med omfattande og krevjande faglege oppgåver. Undervisninga er forskingsbasert og omhandlar det teoretiske grunnlaget for faga, så vel som faga sine metodar. Det vert lagt vekt på analytisk tenking, teoretisk og praktisk problemløysing, trening i skriftleg og munnleg presentasjon og tilrettelegging for læring. Vidare skal studiet gi grundig kunnskap i fagdidaktikk og pedagogikk, om skulefaga og fremje dugleikar for praktisk yrkesutøving.</p> <p>Framandspråkstudiet skal både gi teoretisk kunnskap og utvikle evne til å kommunisere godt. Emna kan her vere knytte til blant anna språkstruktur, språket i bruk, språkhistorie, omsetjing, grammatisk analyse. Eit språkstudium er også studium av kultur og samfunnstilhøve . Gjennom arbeid med ulike medier er det eit mål å gjere studentane kjende med litteraturen og med sosiale, kulturelle og politiske tilhøve i dei aktuelle språkområda. På høgare nivå i studiet kan studentane spesialisere seg i sjølvvalde faglege emne.</p> <p>Som det andre faget i utdanninga vel ein eitt av faga engelsk, fransk, historie, nordisk, religionsvitskap, spansk språk og latinamerikastudium eller tysk. Alle desse faga har òg eit fagdidaktisk tilbod tilrettelagt for lektorutdanningsprogrammet.</p>
<p>Læringsutbyte</p>	<p>Kandidaten skal ved avslutta program ha følgjande læringsutbyte definert i kunnskapar, dugleikar og</p>

Required learning outcomes	<p>generell kompetanse:</p> <p>Etter fullført studium:</p> <p><u>Kunnskapar</u> Kandidaten</p> <ul style="list-style-type: none"> - har avansert kunnskap i dei valde faga og spesialisert innsikt i eit profesjonsrelevant fagområde - har inngåande kunnskap om vitskaplege problemstillingar, forskingsteoriar og -metodar i faglege, fagdidaktiske og pedagogiske spørsmål - har inngåande kunnskap om relevant forskingslitteratur og gjeldande lov- og planverk, og kan anvende denne på nye område som er relevante for profesjonsutøvinga. - har kunnskap om utvikling av skolen som organisasjon og faga som skole-, kultur-, og forskingsfag og brei forståing for skolen sitt mandat, verdigrunnlaget i opplæringa og i opplæringsløpet - har kunnskap om ungdomskultur og ungdom si utvikling og læring i ulike sosiale og fleirkulturelle kontekstar - har kunnskap om ungdom i vanskelege situasjonar og om rettane deira i eit nasjonalt og internasjonalt perspektiv - har kunnskap om samiske tilhøve <p><u>Ferdigheiter</u> Kandidaten</p> <ul style="list-style-type: none"> - kan orientere seg i faglitteratur, analysere og ha ei kritisk haldning til informasjonskjelder og eksisterande teoriar i fagområda - kan bruke faglitteratur og andre relevante informasjonskjelder til å strukturere og formulere faglege resonnement på ulike område - kan gjennomføre eit sjølvstendig, avgrensa og profesjonsrelevant forskingsprosjekt under rettleiing og i tråd med gjeldande forskningsetiske normer - kan nytte forskings- og erfaringsbasert kunnskap til å identifisere og arbeide systematisk med grunnleggande ferdigheiter og planlegge og leie undervisning på ulike læringsarenaer som fører til gode faglege og sosiale læringsprosessar - kan på eit sjølvstendig og fagleg grunnlag bruke varierte arbeidsmetodar og relevante metodar frå forskning
----------------------------	--

	<p>og fagleg utviklingsarbeid til å differensiere</p> <ul style="list-style-type: none"> - kan tilpasse opplæring i samsvar med gjeldande læreplanverk, og skape motiverande og inkluderande læringsmiljø - kan ha ei kritisk tilnærming til digitale verktøy og nytte dei i undervisning, planlegging og kommunikasjon og rettleie unge i den digitale kvardagen - kan vurdere og dokumentere elevar si læring og kompetanse, gi læringsfremjande tilbakemeldingar og bidra til at elevane kan reflektere over eiga læring og eiga fagleg utvikling - kan gjere greie for teoriar om språklæring, språk, kultur og litteratur - kan faget godt nok til å vere trygg i undervisningssamanheng, og kan kommunisere godt i språkfaget/a - kan følgje normene for akademisk skriving i masterfaget <p><u>Generell kompetanse</u></p> <p>Kandidaten</p> <ul style="list-style-type: none"> - kan bidra til innovasjonsprosessar og nytenking, gjennomføre profesjonsretta fagleg utviklingsarbeid og legge til rette for at ein kan involvere lokalt arbeids-, samfunns- og kulturliv i opplæringa - kan formidle og kommunisere faglege problemstillingar knytte til profesjonsutøvinga på eit høgt fagleg nivå - kan opptre profesjonelt og kritisk reflektere over og analysere faglege, profesjonsetiske, forskningsetiske og utdanningspolitiske spørsmål og problemstillingar - kan på sjølvstendig grunnlag vidareutvikle eigen kompetanse og bidra til fagleg og organisatorisk utvikling i skolen og blant kollegaer - kan byggje relasjonar til elevar og føresette, og samarbeide med aktørar som er relevante for skoleverket
<p>Opptakskrav Admission requirements</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Generell studiekompetanse eller realkompetanse • Minst karakteren 3 i matematikk (224 timar) og norsk (393 timar) og minst 35 skolepoeng (kravkode: LÆRAR) • Politiattest (jf. forskrift ved opptak til høgare utdanning, kapittel 6)
<p>Tilrådde forkunnskapar Recommended previous knowledge</p>	<p>Tilrådd startgrunnlag er minimum 5-timars kurset i engelsk og minimum nivå I/II i fransk eller tysk frå vidaregåande skole. Studentar som vel spansk som fag II, bør ha minimum nivå I/II i faget frå vidaregåande skole. Studentar som vel nordisk som fag II, bør meistre nynorsk og bokmål godt.</p>

Innføringsemne Introductory courses	Lektorutdanning med master i framandspråk inneheld 30 studiepoeng med innføringsemne (førstesemesterstudiet): - EXPHIL-HFSEM/EXPHIL-HFEKS , Examen philosophicum, 10 stp. - EXFAC00SK , Examen facultatum: Språk og kommunikasjon eller Tekst og kultur, 10 stp. - PEDA111 , Innføring i pedagogikk, 10 stp.
Obligatoriske emne Compulsory units	I programmet inngår obligatoriske emne i fag I, fag II, fagdidaktikk og pedagogikk. Studiet omfattar 100 dagar praksis fordelt over fire av studieåra som er knytt til profesjonsfaget, fag I og fag II. Aktivitetar knytte til praksis er obligatoriske. Sjå emneplan for praksis. På masterstudiet skal studenten skrive ei masteroppgåve med eit omfang på normalt 70-110 sider, med ein påfølgande munnleg eksamen. Masteroppgåva gir 60 studiepoeng. Emnet for masteroppgåva kan hentast frå alle disiplinær i fag I, inkludert fagdidaktikk. Det er gjort nærare greie for masteroppgåvearbeidet i eigne emneplanar.
Spesialisering Specialisation	
Tilrådde valemne Recommended electives	
Rekkefølge for emne i studiet Sequential requirements, courses	1. semester: Førstesemesterstudiet - EXPHIL-HFSEM/EXPHIL-HFEKS , Examen philosophicum, 10 stp. - EXFAC00SK , Examen facultatum: Språk og kommunikasjon eller EXFAC00TKEKS/EXFAC00TKSEM , Examen facultatum: Tekst og kultur, 10 stp. - PEDA111 , Innføring i pedagogikk, 10 stp. - 12 dagar praksis 2. semester: - Fag I 100-nivå, 30 stp. Engelsk: ENG101 (15 stp), ENG125 (15 stp) Fransk: FRAN101 , FRAN103

Tysk: TYS111, TYS112

3. semester:

- Fag I, 100-nivå, 20 stp:

Engelsk: ENG122 (15stp), ENG107 (5 stp)

Fransk: FRAN114, FRAN105

Tysk: TYS123, TYS124

- Fagdidaktikk i fag I, 5 stp

- Pedagogikk, 5 stp.

- 8 dagar praksis

4. semester:

- Fag II 100-nivå, 30 stp.

Engelsk: ENG101, ENG125

Fransk: FRAN101, FRAN103

Spansk: SPLA101, SPLA103

Tysk: TYS111, TYS112

Nordisk: NOSP102, NOLI102

Religion: RELV101, RELV105

Historie: HIS102 (obligatorisk), og eitt av emna: HIS116, HIS115, HIS108, HIM101 eller HIS111

5. semester:

- Fagemne (med tilrettelagt tilbod i fagdidaktikk), 20 stp.

Engelsk: ENG122 (15stp), ENG107 (5 stp)

Fransk: FRAN114, FRAN105

Spansk: SPLA105, SPLA106

Tysk: TYS123, TYS124

Nordisk: NOSP103-L, NOLI103-L

Religion: RELV102, RELV103L

Historie: HIS101, HIS120

- Pedagogikk, 5 stp
- Fagdidaktikk i fag II, 5 stp
- 12 dagar praksis

6. semester:

- Fag I 200-nivå, 15 stp

Engelsk: ENG211/ENG251

Fransk: FRAN201 eller FRAN253 (Tilrådd FRAN253)

Tysk: TYS201/TYS251 eller TYS202/TYS252 (Tilrådd TYS251 eller TYS252)

- Fagdidaktikk i fag I, 5 stp
- Fag II, 10 stp med bacheloroppgåve

ENG251L, FRAN253L, TYS251L, TYS252L, SPLA251L, SPLA252L, SPLA253L

Historie

Religion

Nordisk

- Mogeleg å reisa på utveksling

7. semester:

- Fagdidaktikk fag II, 5 stp

-Fag I, 25 stp:

Engelsk: ENG321 eller ENG322 (15 stp) og ENG331, ENG332 eller ENG333 (10 stp)

Fransk: FRAN305 (15 stp) og FRAN303L/FRAN304L (10 stp)

Tysk: TYS311, TYS312L eller TYS313L (ev. TSAK319L eller TSAK 318L)

- 28 dagar praksis

8. semester:

-Pedagogikk: 10 stp

- Fag 1, 10 stp

	<p>Engelsk: ENG335 eller ENG336 eller ENG337 (10 stp) Fransk: FRAN302L eller FRAN303L/FRAN304L Tysk: TYS314L eller TYS315L eller TYS316L eller TYS317L - Fagdidaktikk i fag I, 10 stp - 40 dagar praksis</p> <p>9. semester (haust) og 10. semester (vår): - Fag I 300-nivå Masteroppgåve, 60 stp: ENG350 / FRAN350 / TYS350</p> <p>(Manglande emnekoder blir sette inn så snart dei er klare.)</p>
<p>Delstudium i utlandet Study period abroad</p>	<p>Studentane vert oppmoda om å ta delar av studiet i utlandet. Utanlandsopphald vert avtalt og lagt til rette i samarbeid med dei fagleg ansvarlege institutta. Institutt for framandspråk har blant anna eiga avtale for lektorstudentane med Lancaster University i England.</p>
<p>Undervisningsmetodar Teaching methods</p>	<p>Undervisninga er forskingsbasert og omhandlar det teoretiske grunnlaget for faget, så vel som metodar knytt til faget. Studenten skal gjennom studiet få møte undervisning i ulike former med ulike typar lærings- og refleksjonsaktivitetar (t.d. førelesingar, seminar, gruppearbeid, skriftlege og munnlege presentasjonar, omgreps- og problemfokuserede oppgåver, problembasert læring, aksjonsforskning, rettleiing og praktisk bruk av digitale verkty). For nærare informasjon, sjå dei einsskilte emneplanane.</p> <p>Læring gjennom rettleidd praksis i skolen står sentralt i studiet. Studenten vil få observere undervisning og planleggje og gjennomføre undervisning åleine og i samarbeid med medstudentar. Det vert i denne samanhengen lagt vekt på erfaringsutvikling gjennom refleksjon, samtale og oppgåveskriving.</p> <p>Eit gjennomgåande trekk ved undervisninga skal vere å kombinere tileigning av fagleg kunnskap med kompetanse i å kunne leggje til rette for elevar si læring og utvikling.</p> <p>I tillegg til den undervisninga som vert tilbydd, vert studentane oppmoda om å også sjølv organisere eigne kollokviegrupper og skrivegrupper.</p>
<p>Vurderingsformer</p>	<p>I studiet inngår varierte vurderingsformer, til dømes skriftleg og munnleg eksamen, heimeeksamen,</p>

Assessment methods	semesteroppgåve og mappevurdering. Sjå emneplanane for nærmare opplysningar.
Litteraturliste Reading list	Litteraturliste finn ein på Mi side. Lista vil vere klar innan 01.06 / 01.12 for det komande semesteret.
Karakterskala Grading scale	Ved UiB er det to typar karakterskalaer: <ul style="list-style-type: none"> • «bestått» / «ikkje bestått» • Bokstavkarakterar med skalaen A, B, C, D, E, F Bokstavkarakterar er mest utbreidde. Sjå elles emneplanane for nærmare opplysningar. Praksis vert vurderte med greidd/ikkje greidd.
Vitnemål og vitnemåstillegg Diploma and Diploma Supplement	Vitnemål blir skrive ut etter at graden er fullført.
Grunnlag for vidare studium Access to further studies	Studiet kan gi grunnlag for doktorgradsstudium i relevante program.
Relevans for arbeidsliv Employability	Lektorutdanning med master i framandspråk kvalifiserer for tilsetjing på trinn 8-13 i den norske skolen. Lektorutdanninga gir grunnlag for undervisning i to fag og kvalifiserer for opptak til doktorgradsstudiar.
Evaluering Evaluation	Masterprogrammet blir kontinuerleg evaluert i tråd med retningslinene for kvalitetssikring ved UiB. Emne- og programevalueringar finn ein på kvalitetsbasen.uib.no
Skikkaheit og autorisasjon Suitability and authorisation	Ifølgje Forskrift om skikkavurdering i høgare utdanning (nr. 859) fastsett av Kunnskapsdepartementet 30. juni 2006 med heimel i lov 1. april 2005 nr. 15 om universitet og høgskular § 4-10 sjette ledd, skal det gjennom heile studiet gjerast vurderingar av om studenten er skikka til læraryrket, og sluttvurdering og vitnemål for fullført utdanning føreset at studenten er vurdert som skikka (jf. § 4-10 andre leddet).
Programansvarleg Programme committee	Det humanistiske fakultet ved Institutt for framandspråk har ansvar for fagleg innhald og oppbygging av studiet og for kvaliteten på studieprogrammet. Programstyret for lektorutdanning har eit overordna koordinerande ansvar.
Administrativt ansvarleg Administrative responsibility	Det humanistiske fakultet har det administrative ansvaret for studieprogrammet.
Kontaktinformasjon Contact information	Studierettleiar på programmet: lektor@hf.uib.no , tel. 55 58 93 82

Sem	Fag I ENG	Fag I FRAN	Fag I TYS	Fag II	Fagdidaktikk	PEDA	Praksis
10	ENG350 (30 stp)	FRAN350	TYS350 (30 stp)				
9	ENG350 (30 stp)	FRAN350	TYS350 (30 stp)				
8	ENG335/ ENG336/ ENG337 (10 stp)	FRAN302L eller FRAN303L/ FRAN304L (10 stp)	TYS314L eller TYS315L eller TYS316L eller TYS317L (10 stp)		ENGDI301 FRANDI301 TYSDI301 (10 stp)	PEDA114 (10 stp)	Langpraksis (40 dager)
7	ENG321/ ENG322 (15 stp) + ENG331/ ENG332/ ENG333 (10 stp)	FRAN305 (15 stp) og FRAN303L/ FRAN304L (10 stp)	TYS311 og TYS312L eller TYS313L (ev. TSAK319L eller TSK318L) (25 stp)		ENGDI111 FRANDI111 SPANDI111 TYSDI111 (5 stp . fag II)		Langpraksis (28 dager)
6	ENG211 eller ENG251 (15 stp)	FRAN201 eller FRAN253 (15 stp)	TYS201/TYS251 eller TYS202/TYS252 (15 stp)	ENG251L FRAN253L TYS251L/TYS252L SPLA251L /SPLA252L/SPLA253L NOXX RELVXXX HISXXX (10 stp)	ENGDI201 FRANDI201 TYSDI201 (5 stp)		(Utvexling)
5				ENG122+ENG107 FRAN114+FRAN105 SPLA105+SPLA106 TYS123+TYS124 NOSP103L+NOLI103L RELV102+RELV103L HIS101+HIS120 (20 stp)	ENGDI101 FRANDI101 SPANDI101 TYSDI101 (5 stp. fag II)	PEDA112 (5 stp)	Kortpraksis (12 dager)

4				ENG101 + ENG125 FRAN101+FRAN103 SPLA101+SPLA103 TYS111+TYS112 NOSP102+NOLI102 RELV101+RELV105 HIS102+HIS116/ HIS115/HIS108/ HIM101/HIS111 (30 stp)				
3	ENG122 (15 stp) ENG107 (5 stp)	FRAN114 (15 stp) FRAN105 (5 stp)	TYS123 (10 stp) TYS124 (10 stp)		ENGLI101 FRANDI101 TYSDI101 (5 stp)	5 stp.	Kortpraksis (8 dager)	
2	ENG101 (15 stp) ENG125 (15 stp)	FRAN101 (15 stp) FRAN103 (15 stp)	TYS111 (15 stp) TYS112 (15 stp)					
1	EXPHIL-HFSEM/EXPHIL-HFEKS, EXFACOOSK, PEDA111							Kortpraksis (12 dager)

VITNEMÅLSTEKSTAR:

STUDIETS MÅLSETTING (bokmål)

Studiet skal gi et solid grunnlag i de respektive vitenskapsfagene med vekt på faglig forståelse, problemløsning og forståelse for metoder og tenkemåter i fagene. Videre skal studiet gi grundig kunnskap i fagdidaktikk og pedagogikk, gi kunnskap om skolefagene og fremme kunnskap for praktisk yrkesutøving. Studiet skal dessuten gi en grunnleggende forståelse av vitenskapsfagene og skolefagene i en samfunnsmessig og kulturell sammenheng. Studiet skal utdanne lærere som er ansvarlige og kompetente til å ta medansvar for elevens læring og utvikling. Lærerutdanning med master i fremmedspråk gir studenten undervisningskompetanse i engelsk, fransk eller tysk og et annet fag på grunnskolen mellom- og ungdomstrinn og i videregående skole.

MÅLSETJING FOR STUDIET (nynorsk)

Studiet skal gi eit solid grunnlag i dei respektive vitenskapsfaga med vekt på fagleg forståing, problemløysing og forståing for metodar og tenkemåtar i faga. Vidare skal studiet gi grundig kunnskap i fagdidaktikk og pedagogikk, gi kunnskap om skulefaga og fremje kunnskap for praktisk yrkesutøving. Studiet skal dessutan gi ei grunnleggjande forståing av vitenskapfaga og skulefaga i ein samfunnsmessig og kulturell samanheng. Studiet skal utdanne lærarar som er ansvarlege og kompetente til å ta medansvar for elevane si læring og utvikling. Lærerutdanning med master i framandspråk gir studenten grunnlag for undervisningskompetanse i engelsk, fransk eller tysk og eit anna fag i vidaregåande skule og i ungdomsskulen.

UUI-sak 27/14: Ny studieplan for lektorutdanninga med master i nordisk	
Vedlegg 1	Studieplan frå hausten 2014

Vi viser til varsla sirkulasjonssak om ny studieplan for lektorutdanninga frå hausten 2014.

LLE har fagleg ansvar for lektorutdanninga med master i nordisk og dette inneber at UUI må gjere godkjenne den nye studieplanen for lektorutdanninga med master i nordisk. Planen skal så handsamast vidare på fakultetsnivå og sentralt ved UiB.

Dei største endringane frå tidlegare studieplan er blant anna at fag II er utvida med 10 stp til 60 stp, at bacheloroppgåva skal skrivast i fag II og at praksis er utvida til 100 dagar. Vidare har det kome framlegg om å sløyfe «intergrert» i tittelen på programmet. Dette er no innarbeidd i det nye utkastet.

Instituttet er bede om å sende studieplanen til fakultetet innan 28. mai. UUI vert derfor bede om å kommentere på saka på epost innan onsdag 28. mai kl. 12.00.

Vedtak:

Studieplanen for Lektorutdanning med master i nordisk vart godkjend slik den vart lagt fram for UUI og vert oversendt Det humanistiske fakultet for vidare handsaming.

Vedlegg 1: Studieplan frå hausten 2014

Utkast til studieplan for MAHF-LÆNO i ny studieplanmal og ny modell frå hausten 2014
For innsending til fakultetet 28.05.14.

Kategori	Tekst
Namn på studieprogrammet, nynorsk	Lektorutdanning med master i nordisk
Navn på studieprogrammet, bokmål	Lektorutdanning med master i nordisk
Name of the programme of study, English	Master's Programme in Norwegian Language and Literature Teacher Education
Namn på grad	Master i nordisk med integrert praktisk-pedagogisk utdanning
Name of qualification	Master of Philosophy and Education. Norwegian.
Omfang og studiepoeng	Lektorutdanning med master i nordisk har eit omfang på 300 studiepoeng og er normert til 5 år.
ECTS credits	
Fulltid/deltid	Fulltid
Full-time/part-time	
Krav til progresjon i studiet	Det vert stilt både karakter- og progresjonskrav i studiet. For å begynne på masternivået i nordisk, må ein ha karakteren C eller betre i snitt i emna frå nordisk (NOLI102 og -103-L, NOSP102 og -103-L og nordiskemnet frå sjetten semester), og ein må ha greidd bacheloroppgåva i fag II. Sjå Utfyllande reglar for lektor- og adjunktutdanning for nærmare informasjon.
Undervisningsspråk	Normalt norsk, dansk og svensk. Dersom ein som fag II vel eit framandspråk, vil undervisninga som oftast vere på det aktuelle språket, men kan også vere på norsk.

Language of instruction	
Studiestart - semester	Haust
Semester	
Mål og innhald Objectives and content	<p>Lektorutdanning med master i nordisk utgjer eit profesjonsstudium som utdannar lærarar for ungdomstrinnet og for den vidaregåande skulen. Utdanninga kombinerer solid fagkunnskap i nordisk (fag I) og eitt anna universitetsfag (fag II) med fagdidaktikk, pedagogikk og praksis. Praksis er integrert i studiet i fire av dei fem studieåra.</p> <p>Studiet gir eit solid grunnlag i dei to studiefaga med vekt på fagleg forståing, problemløysing og forståing for metodar og tenkjemåtar i faga. Studiet gir dessutan ei grunnleggjande forståing av vitskapsfaga og skulefaga i ein samfunnsmessig og kulturell samanheng.</p> <p>Profesjonsfaget gir grundig kunnskap i fagdidaktikk og pedagogikk og fremjar dugleikar for praktisk yrkesutøving.</p> <p>Studiet av nordisk er delt mellom språk og litteratur. Namnet på faget understrekar eit nordisk perspektiv, men hovudtyngda i studiet ligg på norsk språk og norsk litteratur. Språkstudiet gir innsikt i korleis språket er oppbygd som system, korleis det har utvikla seg historisk, og i dei variantane av skriftmål og talemål vi har i dag. Litteraturstudiet går inn på nordiske litterære tekstar, litteraturhistorie og tekstteori og gir innsikt i sentrale forfattarskapar, ulike sjangrar og kulturhistorie. På høgare nivå er det høve til å spesialisere seg i sjølvvalde faglege emne. I det siste året arbeider ein med masteroppgåva, som er eit sjølvstendig vitskapleg arbeid skrive under rettleiing.</p> <p>Som det andre faget i utdanninga vel ein eitt av faga engelsk, fransk, historie, religionsvitskap, spansk språk og latinamerikastudium eller tysk. Alle desse faga har òg eit fagdidaktisk tilbod tilrettelagt for lektorutdanningsprogrammet.</p>
Læringsutbyte	Kandidaten skal ved avslutta program ha følgjande læringsutbyte definert i kunnskapar, dugleikar og generell kompetanse:

<p>Required learning outcomes</p>	<p><i>Kunnskapar</i> Kandidaten ..</p> <ul style="list-style-type: none"> - har avansert kunnskap innanfor nordisk språk og litteratur og brei kunnskap innanfor det andre faget - har solid forståing av forskningsetikk og metodar og tenkjemåtar i nordiskfaget - har god innsikt i språkssystem, språkhistorie, språkbruk og moderne skriftspråks- og talemålsvarietetar - har omfattande kunnskap om nordiske litterære tekstar og forfattarskapar, litteraturhistorie og tekstteori, sjantrar og kulturhistorie - har god innsikt i sentrale tema, omgrep og teoriar knytte til det andre faget - har kjennskap til forskningsetiske problemstillingar - har god kunnskap om begge fagas historie, tradisjonar, eigenart og plass i skulen og samfunnet - har grunnleggande forståing av vitskapsfaga og skulefaga i ein samfunnsmessig og kulturell samanheng. - har kjennskap til forskings- og utviklingsarbeid innanfor dei to faga - har grundig kunnskap i fagdidaktikk og pedagogikk - har inngåande kunnskap om vitskapelege problemstillingar, forskningsteoriar og -metodar i pedagogiske og fagdidaktiske spørsmål - har kunnskap om utviklinga av skulen som organisasjon og brei forståing av skulens mandat, verdigrunnlag og opplæringsløp - har kunnskap om ungdomskultur og ungdoms utvikling og læring i ulike sosiale og fleirkulturelle kontekstar - har inngåande kunnskap om gjeldande utdanningsrelatert lov- og planverk - har kunnskap om ungdom i vanskelege situasjonar og om deira rettar i eit nasjonalt og internasjonalt perspektiv - <i>har kunnskap om samiske tilhøve</i> <p><i>Dugleikar</i> Kandidaten ..</p> <ul style="list-style-type: none"> - kan orientere seg i faglitteratur og teori innanfor nordisk og det andre faget og analysere kjelder og teoriar kritisk - kan strukturere og formulere faglege resonnement - kan bruke og formidle relevante resultat frå forskings- og utviklingsarbeid knytt til fagområda - meistrar fagrelevante skriftlege og munnlege presentasjonar og kan følgje normene for akademisk skriving - kan gjennomføre eit avgrensa forskingsprosjekt innanfor fagområdet nordisk i tråd med gjeldande forskningsetiske normer - kan arbeide sjølvstendig med krevjande faglege oppgåver i det andre faget
-----------------------------------	---

	<ul style="list-style-type: none"> - meistrar relevante faglege verktøy, teknikkar og uttrykksformer - kan nytte digitale verktøy i undervisning, planlegging og kommunikasjon og rettleie unge i den digitale kvardagen - kan planlegge og leie undervisning som fører til gode faglege og sosiale læringsprosessar - kan differensiere og tilpasse opplæring i samsvar med gjeldande læreplanverk og skape gode læringsmiljø - kan arbeide systematisk med grunnleggande dugleikar - kan beskrive kjenneteikn på kompetanse, vurdere og dokumentere læring og gi læringsfremjande tilbakemeldingar - kan bidra til at elevane kan reflektere over eiga læring og eiga fagleg utvikling - kan reflektere over eigen fagleg praksis <p>Generell kompetanse Kandidaten</p> <ul style="list-style-type: none"> - kan bidra til innovasjon og nytenking og gjennomføre profesjonsretta fagleg utviklingsarbeid - kan legge til rette for at lokalt arbeids-, samfunns- og kulturliv kan involverast i opplæringa - kan formidle og kommunisere faglege problemstillingar knytte til profesjonsutøvinga på eit høgt fagleg nivå - <i>kan opptre profesjonelt og kritisk reflektere over og analysere faglege, profesjonsetiske, forskningsetiske og utdanningspolitiske spørsmål og problemstillingar</i> - kan på sjølvstendig grunnlag utvikle eigen kompetanse og bidra til den faglege og organisatoriske utviklinga ved skulen - kan byggje relasjonar til elevar og føresette og samarbeide med aktørar som er relevante for skuleverket
<p>Opptakskrav</p> <p>Admission requirements</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Generell studiekompetanse eller realkompetanse • Minst karakteren 3 i matematikk (224 timar) og norsk (393 timar) og minst 35 skulepoeng (kravkode: LÆRAR) • Politiattest (jf. forskrift ved opptak til høgare utdanning, kapittel 6)
<p>Tilrådde forkunnskapar</p> <p>Recommended previous knowledge</p>	<p>Ein bør meistre både bokmål og nynorsk godt.</p> <p>Studentar som vel engelsk som fag II, bør minimalt ha 5-timarskurset i engelsk frå vidaregåande skule. Studentar som vel fransk, spansk eller tysk som fag II, bør minimalt ha nivå 1 i språkfaget frå vidaregåande skule.</p>

<p>Innføringsemne</p> <p>Introductory courses</p>	<p>Lektorutdanning med master i nordisk skal innehalde 30 studiepoeng med innføringsemne (førstesemesterstudiet): EXPHIL-HFSEM/EXPHIL-HFEKS, Examen philosophicum, 10 stp. EXFAC00SK, Examen facultatum: Språk og kommunikasjon, 10 stp. PEDA111, Innføring i pedagogikk, 10 stp.</p>
<p>Obligatoriske emne</p> <p>Compulsory units</p>	<p>I programmet inngår obligatoriske emne i nordisk, fag II, fagdidaktikk, pedagogikk og innanfor førstesemesterstudiet. Desse emna er spesifiserte under «Rekkjefølgje for emne i studiet».</p> <p>Studiet omfattar 100 dagar praksis fordelt over fire av studieåra som er knytt til profesjonsfaget, nordisk og fag II. Aktivitetar knytte til praksis er obligatoriske. Sjå emneplan for praksis.</p> <p>På masterstudiet skal det skrivast ei masteroppgåve med eit omfang på 70-110 sider, etterfølgd av ein munnleg eksamen. Masteroppgåva gir 60 studiepoeng. Emnet for masteroppgåva kan hentast frå alle disiplinar i nordiskfaget, inkludert fagdidaktikk. Temaet skal vere godkjent i eit prosjektførebuande emne før arbeidet tek til. Det er gjort meir greie for masteroppgåvearbeidet i ein eigen emneplan.</p>
<p>Rekkjefølgje for emne i studiet</p> <p>Sequential requirements, courses</p>	<p>1. semester: Førstesemesterstudiet - EXPHIL-HFSEM/EXPHIL-HFEKS, Examen philosophicum, 10 stp. - EXFAC00SK, Examen facultatum: Språk og kommunikasjon, 10 stp. - PEDA111, Innføring i pedagogikk, 10 stp. - 12 dagar praksis</p> <p>2. semester: Nordisk 100-nivå, 30 stp. - NOLI102: Nordisk: Litteratur etter 1900, 15 stp. - NOSP102: Nordisk: Moderne språk, 15 stp.</p> <p>3. semester: Nordisk 100-nivå, nordisk fagdidaktikk, pedagogikk og praksis - NOLI103-L Nordisk: Den eldre litteraturen for integrert lektorutdanning, 10 stp. - NOSP103-L: Nordisk: Språkhistorie og talemål for integrert lektorutdanning, 10 stp.</p>

- Nordisk fagdidaktikk, 5 stp.
- Pedagogikk, 5 stp.
- 8 dagar praksis

4. semester:

Fag II 100-nivå, 30 stp.

Engelsk: ENG101, ENG125

Fransk: FRAN101, FRAN103

Spansk: SPLA101, SPLA103

Tysk: TYS111, TYS112

Religion: RELV101, RELV105

Historie: HIS102 og eitt av emna: HIS116, HIS115, HIS108, HIM101 eller HIS111

5. semester:

Fag II 100-nivå, fagdidaktikk i fag II, pedagogikk og praksis

- Fag II, 20 stp.

Engelsk: ENG122, ENG107

Fransk: FRAN114, FRAN105

Spansk: SPLA105, SPLA106

Tysk: TYS123, TYS124

Religion: RELV102, RELV103L

Historie: HIS101, HIS120

- Pedagogikk, 5 stp.
- Fagdidaktikk i fag II, 5 stp.
- 12 dagar praksis

6. semester:

Nordisk 200-nivå, nordisk fagdidaktikk og fag II 200-nivå

- Nordisk, 15 stp.

Eitt av desse emna skal normalt veljast

-- NOLI210 Nordisk: Litterær analyse og teori

-- NOLI212 Nordisk: Litterært fordjupingsemne D

-- NORAN104 Andrespråkslæring og -undervisning
-- NOSP210 Nordisk: Språkbruksanalyse
-- NOSP212 Nordisk: Språkleg fordjupingsemne
-- NOSP221 Nordisk: Språkleg variasjon og endring
Studentar som ønskjer det, kan utan søknad byte ut dette emnet med eit anna 200-nivåemne med NOLI- eller NOSP-kode på 15 studiepoeng. Emne frå andre delar av dei nordiske faga kan passast inn etter søknad.

- Nordisk fagdidaktikk, 5 stp.
- Fag II, emne med bacheloroppgåve, 10 stp.
Engelsk: ENG251L
Fransk: FRAN253L
Spansk: SPLA251L, SPLA252L eller SPLA253L
Tysk: TYS251L eller TYS252L
Religion:
Historie:

7. semester:
Nordisk 300-nivå, fagdidaktikk i fag II og praksis

- NOLISP304-L Nordisk: Masteremne for integrert lektorutdanning, 10 stp

Eitt av desse emna skal normalt veljast, alle på 15 stp:

-- NOLI311 Nordisk: Litterært masteremne C
-- NOLI322 Nordisk: Litterært masteremne B
-- NORAN320 Særemne i norsk som andrespråk
-- NOSP314 Nordisk: Språk i Norden
-- NOSP322 Nordisk: Namnegransking
-- NOSP325 Nordisk: Grammatikk og semantikk

Studentar som ønskjer det, kan utan søknad byte ut dette emnet med eit anna 300-nivåemne med NOLI- eller NOSP-kode. Emne frå andre delar av dei nordiske faga kan passast inn etter søknad.

- Fagdidaktikk i fag II, 5 stp.

	<p>- 28 dagar praksis</p> <p>8. semester: Nordisk 300-nivå, nordisk fagdidaktikk, pedagogikk og praksis -NOLISP302 Nordisk: Prosjektutvikling, 5 stp -NOLISP303-L Nordisk: Individuelt særernne for integrert lektorutdanning, 5 stp - Nordisk fagdidaktikk, 10 stp. - Pedagogikk, 10 stp. - 40 dagar praksis</p> <p>9. semester og 10. semester: Nordisk 300-nivå: NOLISP350: Mastergradsoppgåve i nordisk, 60 stp</p>
Delstudium i utlandet Study period abroad	Studentane vert oppmoda til å ta delar av studiet i utlandet. Utanlandsopphald vert avtalt og lagt til rette i samarbeid med dei fagleg ansvarlege institutta.
Undervisningsmetodar Teaching methods	<p>Undervisninga er forskingsbasert og omhandlar det teoretiske grunnlaget for faget, så vel som metodar knytt til faget. Studenten skal gjennom studiet få møte undervisning i ulike former med ulike typar lærings- og refleksjonsaktivitetar (t.d. førelesingar, seminar, gruppearbeid, skriftlege og munnlege presentasjonar, omgreps- og problemfokuserte oppgåver, problembasert læring, aksjonsforskning, rettleiing og praktisk bruk av digitale verkty). For nærare informasjon, sjå dei einskilde emneplanane.</p> <p>Læring gjennom rettleidd praksis i skolen står sentralt i studiet. Studenten vil få observere undervisning og planleggje og gjennomføre undervisning åleine og i samarbeid med medstudentar. Det vert i denne samanhengen lagt vekt på erfaringsutvikling gjennom refleksjon, samtale og oppgåveskriving.</p> <p>Eit gjennomgåande trekk ved undervisninga skal vere å kombinere tileigning av fagleg kunnskap med kompetanse i å kunne leggje til rette for elevar si læring og utvikling.</p> <p>I tillegg til den undervisninga som vert tilbydd, vert studentane oppmoda om å også sjølve organisere eigne kollokviegrupper og skrivegrupper.</p>

Vurderingsformer Assessment methods	I studiet inngår varierte vurderingsformer, til dømes skriftleg og munnleg eksamen, heimeeksamen og mappevurdering. Sjå emneplanane for nærmare opplysningar.
Litteraturliste Reading list	Litteraturliste finn du på uib.no Lista vil vere klar innan 01.06 / 01.12 for det komande semesteret.
Karakterskala Grading scale	Ved UiB er det to typar karakterskalaer: <ul style="list-style-type: none"> • «bestått» / «ikkje bestått» • Bokstavkarakterar med skalaen A, B, C, D, E, F Bokstavkarakterar er mest utbreidde. Sjå elles emneplanane for nærmare opplysningar.
Vitnemål og vitnemålstillegg Diploma and Diploma Supplement	Vitnemål blir skrive ut etter at graden er fullført.
Grunnlag for vidare studium Access to further studies	Studiet kvalifiserer for doktorgradsstudium i relevante program.
Relevans for arbeidsliv Employability	Lektorutdanning med master i nordisk kvalifiserer for tilsetning på trinn 8–13 i den norske skulen. Lektorutdanninga gir grunnlag for undervisning i norsk og fag II i studiet og kvalifiserer for opptak til doktorgradsstudium.
Evaluering Evaluation	Programmet vert kontinuerleg evaluert i tråd med retningslinene for kvalitetssikring ved UiB. Emne- og programevalueringar finn ein på kvalitetsbasen.uib.no
Skikkaheit og autorisasjon Suitability and authorisation	Ifølgje Forskrift om skikkavurdering i høgare utdanning (nr. 859) fastsett av Kunnskapsdepartementet 30. juni 2006 med heimel i lov 1. april 2005 nr. 15 om universitet og høgskular § 4-10 sjette ledd, skal det gjennom heile studiet gjerast vurderingar av om studenten er skikka til læreryrket, og sluttvurdering og vitnemål for fullført

	utdanning føreset at studenten er vurdert som skikka (jf. § 4-10 andre leddet).	
Programansvarleg Programme committee	Det humanistiske fakultet ved Institutt for lingvistiske, litterære og estetiske studium har ansvar for fagleg innhald og oppbygging av studiet og for kvaliteten på studieprogrammet. Programstyret for lektorutdanning har eit overordna koordinerande ansvar.	
Administrativt ansvarleg Administrative responsibility	Det humanistiske fakultet har det administrative ansvaret for studieprogrammet.	
Kontaktinformasjon Contact information	Ta gjerne kontakt med studierettleiar på programmet, dersom du har spørsmål: lektor@hf.uib.no Tlf 55 58 93 82	

Vitnemålstekst

BOKMÅL

STUDIETS MÅLSETTING

Studiet skal gi et solid grunnlag i de respektive vitenskapsfagene med vekt på faglig forståelse, problemløsning og forståelse for metoder og tenkemåter i fagene. Videre skal studiet gi grundig kunnskap i fagdidaktikk og pedagogikk, gi kunnskap om skolefagene og fremme kunnskap for praktisk yrkesutøving. Studiet skal dessuten gi en grunnleggende forståelse av vitenskapsfagene og skolefagene i en samfunnsmessig og kulturell sammenheng. Studiet skal utdanne lærere som er ansvarlige og kompetente til å ta medansvar for elevers læring og utvikling. Lærerutdanning med master i nordisk gir studenten grunnlag for undervisningskompetanse i norsk og et annet fag i videregående skole og i ungdomsskolen.

STUDIETS OMFANG OG SAMMENSETNING

Lektorutdanningen med master i nordisk er 5-årig (300 studiepoeng). Studiet er sammensatt av to universitetsfag, pedagogikk, fagdidaktikk og en avsluttende masteroppgave på 60 studiepoeng. I tillegg består studiet av 3 uker skoleerfaring og 12-14 uker praksis. Pedagogikk, fagdidaktikk og praksis utgjør til sammen praktisk-pedagogisk utdanning (60 studiepoeng). I lærerutdanningen med master i nordisk er det første studieåret delt mellom et språklig og et litterært studium. Språkstudiet gir innsikt i språket som system, hvordan språket har utviklet seg, og hva som er bakgrunnen for de variantene av skriftspråk og talemål vi har.

Litteraturstudiet går inn på nordiske litterære tekster, litteraturhistorie og tekstteori, og gir innsikt i forfatterskap, sjangre og kulturhistorie. På høyere nivå er det anledning til å spesialisere seg i selvvalgte faglige emner. Som fag II kan det velges et annet universitetsfag med et fagdidaktisk tilbud tilrettelagt for lærerutdanningsprogrammet.

NYNORSK

MÅLSETJING FOR STUDIET

Studiet skal gi eit solid grunnlag i dei respektive vitskapsfaga med vekt på fagleg forståing, problemløysing og forståing for metodar og tenkjemåtar i faga. Vidare skal studiet gi grundig kunnskap i fagdidaktikk og pedagogikk, gi kunnskap om skulefaga og fremje kunnskap for praktisk yrkesutøving. Studiet skal dessutan gi ei grunnleggjande forståing av vitskapsfaga og skulefaga i ein samfunnsmessig og kulturell samanheng. Studiet skal utdanne lærarar som er ansvarlege og kompetente til å ta medansvar for elevane si læring og utvikling. Lærerutdanning med master i nordisk gir studenten grunnlag for undervisningskompetanse i norsk og eit anna fag i vidaregåande skule og i ungdomsskulen.

OMFANG OG SAMANSETJING AV STUDIET

Lektorutdanningen med master i nordisk er 5-årig (300 studiepoeng). Studiet er samansett av to universitetsfag, pedagogikk, fagdidaktikk og ei avsluttande masteroppgåve på 60 studiepoeng. I tillegg inneheld studiet 12-14 veker praksis og 3 veker skuleerfaring. Pedagogikk, fagdidaktikk og praksis utgjer til saman praktisk-pedagogisk utdanning (60 studiepoeng). I lærerutdanninga med master i nordisk er det første studieåret delt mellom eit språkleg og eit litterært studium. Språkstudiet gir innsikt i språket som system, korleis språket har utvikla seg, og kva som er bakgrunnen for dei variantar av skriftspråk og talemål vi har. Litteraturstudiet går inn på nordiske litterære tekstar, litteraturhistorie og tekstteori, og gir innsikt i forfatterskap, sjangrar og kulturhistorie. På høgare nivå er det høve til å spesialisere seg i sjølvvalde faglege emne. Som fag II kan det veljast eit anna universitetsfag med eit fagdidaktisk tilbud som er lagt til rette for lærerutdanningsprogrammet.

Mal for forside til studieplanar ved UiB:

Studieplan for (Namn på studieprogrammet, nynorsk)
..... (Navn på studieprogrammet, bokmål)
..... (Name of the programme of study, English)

Godkjenning:

Studieplanen er godkjend av:

Universitetsstyret:(dd.mm.år)

Programstyret:(dd.mm.år)

..... fakultet:(dd.mm.år)

Studieplanen vart justert:(dd.mm.år)

Evaluering:

Studieprogrammet vart sist evaluert:(dd.mm.år)

Neste planlagde evaluering:(dd.mm.år)

Vedtaket i programstyret

Programstyret går inn for følgende modell for plassering av profesjonsfag i lektorutdanninga:

Semester	Praksis	Pedagogikk	Fagdidaktikk HF	Fagdidaktikk MN
10				
9				
8	Langpraksis	10 stp.	10 stp. fag I	10 stp.
7	Langpraksis		5 stp. fag II	10 stp.
6			5 stp. fag I	
5	Kortpraksis	5 stp.	5 stp. fag II	5 stp.
4				
3	Kortpraksis	5 stp.	5 stp. fag I	5 stp.
2				
1	Kortpraksis	10 stp.		

Programstyret vil vidare ta utgangspunkt i følgende fordeling av praksis for lektorutdanningane:

Semester	MN	HF
8	30 dagar	40 dagar
7	49 dagar	28 dagar
5	7 dagar	12 dagar
3	7 dagar	8 dagar
1	7 dagar	12 dagar

Programstyret legg til grunn at fagdidaktikk og pedagogikk skal samarbeide om praksis/skuleerfaring i 3. og 5. semester. Programstyret vil dessutan be fagmiljøa om å få til ei felles vurderingsordning for fagdidaktikk og pedagogikk i 3. og 5. semester. Programstyret vil be Praksisutvalet om å utarbeide nærmare retningslinjer for praksis. Retningslinjene skal byggje på prinsippa om ei vid forståing av praksisomgrepet, fleksibilitet i praksis, og det skal lagast eit forpliktande opplegg for å operasjonalisere og sikre progresjonen i praksis. Praksisutvalet skal i samarbeid med fakulteta handtere spørsmål om justeringar av praksisomfanget.

Programstyret for lektorutdanning vil setje ned ei tverrfakultær arbeidsgruppe i samband med implementering av ny rammeplan for lektorutdanning 8-13 på emneplannivået. Arbeidsgruppa skal bidra til å sikre informasjonsutveksling og kome med innspel og tilrådingar i arbeidet med emneplanar. I tillegg skal arbeidsgruppa medverke til å sikre framtidig kommunikasjon på tvers av delane av profesjonsfaga og disiplinlfaga. Arbeidsgruppa skal inkludere representantar frå lektorutdanningsfakulteta og frå FIL (Fagutvalet for integrert lektorutdanning). Programstyret har sekretærfunksjon. Arbeidsgruppa rapporterer og gir innspel til både programstyret og lærarutdanningsutvala, i tillegg til praksisutvalet.

Frå: Programstyret for lektorutdanning

Til: Det humanistiske fakultet og frå Det matematisk-naturvitskaplege fakultet

Dato: 14. mai 2014

Sak: Studieplanar for lektorutdanningsprogramma

Justerte studieplanar for lektorutdanningsprogramma

1. Om merknadene frå programstyret

På omframst styremøte 8. mai 2014 handsama programstyret for lektorutdanning utkast til studieplanar for lektorutdanningsprogramma frå Det humanistiske fakultet og frå Det matematisk-naturvitskaplege fakultet (sak 11/14). På møtet gjorde programstyret følgjande vedtak:

Programstyret sluttar seg merknader til utkast til nye studieplanar for lektorutdanningsprogramma, slik desse merknadene kjem fram i saksdokumentet. Merknadene frå programstyret vert, med dei tillegga og justeringane som kjem fram på møtet, sende til Det humanistiske fakultet og Det matematisk-naturvitskaplege fakultet.

Programstyret vil be fakulteta om å verte orientert om ytterlegare justeringar og om å få høve til å gi sluttmerknader før den endelege handsaminga i fakultetsstyra.

Programstyret vil i tillegg be fakulteta om å namngi lektorutdanningsprogramma som "lektorutdanning" og ikkje som "integrert lektorutdanning".

Vedtaksmerknadene frå programstyret er i dette dokumentet formulerte i eit skjema som følgjer studieplanmalen for UiB. I skjemaet er det for kvar einskild kategori sett av merknader som gjeld kvart av dei ulike lektorutdanningsprogramma. Såleis vil det i dokumentet liggje merknader for alle dei tre lektorutdanningsprogramma, dvs. både for dei to programma ved HF-fakultetet og det eine programmet ved MN-fakultetet. Vi håper at dei respektive fakulteta ikkje kjenner seg støytte av denne framgangsmåten, men kan sjå den som nyttig.

Generelt har programstyret forståing for at dei ulike lektorutdanningsprogramma kan ha ulike faglege profilar. Samtidig vil vi meine at i det i studieplanane er føremålstenleg å ha mest mogleg lik disposisjon og struktur, og at ein får inn felles formuleringsmåtar og termar i tilfelle der ein vanskeleg kan sjå faglege grunnar som tilseier at ein ikkje skal ha det.

Vi er merksam på at MN-fakultetet sjølv veit at ein bruker ein eldre mal for studieplanar, og at MN vil ta i bruk den oppdaterte malen. Programstyret har merka seg at studieplanane inneheld ulikt omfang av tekst når det ein skal beskrive læringsutbytte. Denne ulikskapen treng i og for seg ikkje å vere eit problem, men på eit generelt grunnlag vil vi be fakulteta om å samanlikne formuleringane i dei ulike studieplanutkasta, for å få til best moglege formuleringar.

Programstyret ser det ikkje som si oppgåve å lese korrektur, men føreset at fakulteta har kvalitetsrutinar for å sikre korrekt språkføring, i tillegg til korrekt informasjon om datoar, styringseiningar, personar og anna.

Som nemnt i vedtaket, er programstyret interessert i å kunne kome med kommentarar før den endelege handsaminga av studieplanane i fakultetsstyra. Vi trur at ein slik runde kan vere nyttig for alle partar.

Programstyret vil ta opp spørsmålet om namneskifte frå "integrert lektorutdanning" til "lektorutdanning" i eit eige brev, og der bed vi om tilbakemelding frå fakulteta. Programstyret sitt syn er at UiB bør harmonisere nemningsbruken sin til den nemningsbruken som vi finn ved andre universitet, dvs. at ein berre talar om "lektorutdanning".

2. Merknadene frå programstyret

Kategori	Studieplan for lektorutdanning med master i naturvitskap eller matematikk	Studieplan for lektorutdanning med master i framandspråk	Studieplan for lektorutdanning med master i nordisk
Namn på studieprogrammet, nynorsk/	Programstyret vil i eige brev be MN-fakultetet vurdere om nemninga "integrert" framleis skal vere inkludert i tittelen.	Programstyret meiner det er sær sars uheldig med "Masterprogram" som del av tittelen, både fordi det er tungt	Programstyret vil i eige brev be HF-fakultetet vurdere om nemninga "integrert" framleis skal vere inkludert i tittelen.

		<p>og fordi det bryt med namnestrukturen på lektorutdanninga generelt. HF bør vidare vurdere om parentesen med "engelsk, fransk eller tysk" kan kuttast ut, både fordi tittelen dermed vert kortare, og fordi ein då lettare kan opne for å t.d. inkludere spansk.</p> <p>Programstyret vil i eige brev be fakultetet vurdere om nemninga "integrert" framleis skal vere inkludert i tittelen.</p>	
Navn på studieprogrammet, bokmål	Jf. merknader ovanfor.	Jf. merknader ovanfor.	Jf. merknader ovanfor.
Name of the programme of study, English	Manglar.	<p>Lang og komplisert tittel som bør justerast.</p> <p>Det bør generelt skje ei harmonisering av namna mellom programma.</p>	Manglar.
Namn på grad	Sidan MN ikkje bruker den oppdaterte studieplanmalen står ikkje dette som eige punkt, men i	Skal stå i vitnemålet, og må spesifiserast. Må sjekkast med studieadministrativ avdeling	Skal stå i vitnemålet, og må spesifiserast. Må sjekkast med studieadministrativ avdeling

	"Mål og innhald" står det at utdanninga føre fram til "master i naturvitskap og matematikk med integrert praktisk-pedagogisk utdanning". Må sjekkast med studieadministrativ avdeling.		
Omfang og studiepoeng	OK	OK	OK
Fulltid/deltid	Står ingenting.	OK	Står ingenting
Krav til progresjon i studiet	Litt knapt. Trong for korrektur.	Manglar.	OK.
Undervisningsspråk	Denne kategorien gjeld det femårige programmet som heilskap, og her vert det problematiske å jamstille norsk og engelsk. Bakgrunn for det er at styret ved UiB i 2007 vedtok at undervisningsspråket ved UiB til vanleg er norsk. Sjå Internett: http://www.uib.no/ledelsen/planer-og-dokumenter/planer/spraakpolitikk-ved-uib Omformulering kan her vere: "Undervisningsspråket ved UiB er til vanleg norsk, men delar av undervisninga er på engelsk,	OK.	OK.

	særleg på høgare nivå"		
Studiestart - semester			
Mål og innhald	<p>Teksten kan strammast opp.</p> <p>I siste avsnitt står det at studenten vel to fag, i andre avsnitt står det at studenten vel "minst" to fag.</p> <p>Talar om "lærer" og om både "lærerutdanning" og "lektorutdanning". Bruk termen "lektor" og "lektorutdanning".</p>	<p>Teksten er stramma opp i høve til dagens tekst.</p>	<p>Denne setninga bør ikkje stå, dels fordi den er upresis og dels fordi det ikkje er programspesifikke definisjonar av innhaldet i praksis: "Delar av praksisen er knytt til faglege aktivitetar på universitetet."</p>
Læringsutbyte			<p>Nordisk vert oppmoda om å harmonisere oppstillinga med dei andre programma, og ikkje formulere læringsutbyttekategoriane som kolonnar.</p>
<i>Kunnskapar</i>	<p>Det står ingenting om ungdomskultur/ungdoms læring</p> <p>Bruker termen "lærer", jf. ovanfor.</p> <p>Det trengst ei formulering om det samiske heilt til slutt. Framlegg: "har kunnskap om samiske tilhøve"</p>	<p>Det trengst ei formulering om det samiske heilt til slutt. Framlegg: "har kunnskap om samiske tilhøve"</p>	<p>Det trengst ei formulering om det samiske heilt til slutt. Framlegg: "har kunnskap om samiske tilhøve"</p>

<i>Dugleikar/Ferdigheiter</i>	<p>Det står ingenting om at studenten skal gjennomføre eit sjølvstendig, avgrensa forskingsprosjekt.</p> <p>Nemninga "dugleikar" kan tilrådest.</p>	Nemninga "dugleikar" kan tilrådest.	Nemninga "dugleikar" kan tilrådest.
<i>Generell kompetanse</i>	<p>Bruker nemninga "profesjonskompetanse", og det er egentleg det som rammeplanen etterspør her, men terminologien bør harmonisert med andre program.</p> <p>Eit positivt tillegg om miljømedvit.</p> <p>Saknar noko om tilrettelegging for innovasjon og om samarbeid med andre aktørar.</p> <p>Formulering om profesjonsetikk kan harmonisert med framandspråksplanen.</p>		<p>Kompetanse knytt til profesjonsetikk bør inkluderast.</p> <p>Formulering om profesjonsetikk kan harmonisert med framandspråksplanen.</p>
Opptakskrav	Kan med fordel setjast opp punktvis.		Kan kutte "LÆRAR" under pkt. 2.

Tilrådde forkunnskapar			
Innføringsemne	Ex.phil. inngår òg i innføringsemna.		
Obligatoriske emne			
Spesialisering			
Tilrådde valemne			
Rekkefølge for emne i studiet		Generelt bør dei to HF-programma kunne følgje den same strukturen og terminologien, t.d. i tilfellet der LÆNO har "PEDAGOGIKK, 10 stp" medan framandspråk har "PEDA111, Innføring i pedagogikk, 10 stp."	Generelt bør dei to HF-programma kunne følgje den same strukturen og terminologien, t.d. i tilfellet der LÆNO har "PEDAGOGIKK, 10 stp" og framandspråk har "PEDA111, Innføring i pedagogikk, 10 stp."
Delstudium i utlandet			
Undervisningsmetodar	Har fyldig informasjon om undervisningsformer.	Har fyldig informasjon om undervisningsformer.	Har knapp informasjon. Tilsvarande tekstdel i læreplan for MN og for framandspråk kan tilrådest for inspirasjon.
Vurderingsformer	Det er mindre informasjon om vurderingsformer. Her bør det	Det er mindre informasjon om vurderingsformer. Her bør det	Det er mindre informasjon om vurderingsformer. Her bør det

	kome nokre eksempel som gjeld det femårige programmet som heilskap.	kome nokre eksempel som gjeld det femårige programmet som heilskap.	kome nokre eksempel som gjeld det femårige programmet som heilskap.
Litteraturliste		<i>Du</i> som ubestemt pronomen er stilistisk uheldig.	<i>Du</i> som ubestemt pronomen er stilistisk uheldig.
Vitnemål og vitnemålstillegg			
Grunnlag for vidare studium	Studiet kan gi grunnlag for doktorgradsstudium i relevante program.	Studiet kan gi grunnlag for doktorgradsstudium i relevante program.	Studiet kan gi grunnlag for doktorgradsstudium i relevante program.
Relevans for arbeidsliv	Står under pkt. om "Yrkesvegar". Der er uttrykket "sertifisering" brukt, men det uttrykket er uheldig i denne samanhengen, og bør kuttast ut.		
Evaluering			
Skikkavurdering og autorisasjon	Tilrådd term er "skikkavurdering".	Tilrådd term er "skikkavurdering".	Tilrådd term er "skikkavurdering".
Programansvarleg	Fakulteta har ansvar for studieprogram og emneplanar i lektorutdanninga. Programstyret for lektorutdanning har eit koordinerande ansvar for	Kva for "programstyre" blir det vist til? Det er fakulteta som har ansvar for studieprogram og emneplanar i lektorutdanninga.	Det er fakulteta, ikkje institutta, som har ansvar for studieprogram og emneplanar i lektorutdanninga. Programstyret for

	lektorutdanningsprogramma generelt.	Programstyret for lektorutdanning har eit koordinerande ansvar for lektorutdanningsprogramma generelt.	lektorutdanning har eit koordinerande ansvar for lektorutdanningsprogramma generelt.
Administrativt ansvarleg	Presisjonsnivået: Fakulteta har administrativt ansvar for lektorutdanningsprogramma. MN-fakultetet har så av praktiske grunnar samla administrative funksjonar ved Matematisk institutt.		
Kontaktinformasjon		Uformell du-stil	Uformell du-stil